

Meland kommune  
v/ rådmann  
Postboks 79,  
5906 Frekhaug

Isdalstø, 23.09.2016

**FORVALTNINGSREVISJON:  
INTERNKONTROLL OG OPPFØLGING AV BARN I FOSTERHEIM.**

Revisjonen viser til vedtak i kontrollutvalet 20.09.2016, sak 29/16, og orienterer med dette om at revisjonen set i gang eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. Prosjektet vil sjå på barnevernstenesta si oppfølging av barn i fosterheim, og er avgrensa til systemnivå.

Det er vanleg praksis at det vert arrangert eit oppstartsmøte med administrasjonen, slik at det vert høve til å diskutere revisjonskriterier og rammer for prosjektet. Revisjonen gjer framlegg om eit oppstartsmøte tysdag **11.10.2016 kl. 08.30**. Ein ber om ei snarleg tilbakemelding med stadfesting av tidspunktet, evt. ønskje om annan dato/tidspunkt.

Revisjonen ønskjer kopi av eit utval dokument i kommunen sine omsorgssaker i perioden 2013-2015, og ber om innan **11.10.2016:**

- Fylkesnemda sine vedtak om omsorgsovertakingane
- Omsorgsplanar, både foreløpige og endelege
- Fosterheimsavtalar
- Forsterkningsavtalar/ tilleggssavtalar om forsterkingstiltak
- Overføringsplanar
- Referat frå ansvarsgruppemøter
- Referat frå tilsynsførar sine tilsyn
- Referat frå barnevernstenesta sine fosterheimsbesøk
- Individuelle planar

Det er ønskjeleg at dokumenta er organisert etter sak, og at fødselsåret til barnet i den enkelte saka, framgår i saka. Dokument som ikkje er oss i hende innan tidsfristen vert ikkje etterspurt på ny, men vert vurdert som ikkje mottatt/at det ikkje føreligg.

Om ønskjeleg, kan dokumenta hentast på Frekhaug. Eventuelle spørsmål kan rettast til revisjonssjef Reidar Bjørsvik på mob. 99 58 98 55 eller pr. e-post: [reidar.bjorsvik@nhr.no](mailto:reidar.bjorsvik@nhr.no) .

Med helsing



Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef